

## RETNINGSLINJER FOR GRATIS KULTURSKULE I VANYLVEN KOMMUNE

I tråd med vedtak i sak 09/23 i kommunestyremøte 07.02.23 skal «kommunedirektøren sikre at det blir laga retningslinjer for gratis kulturskule».

Under finn ein desse retningslinjene, i to deler: *Retningslinjer for opptak av elevar ved Vanylven kulturskule* og *Reglement for elevar ved Vanylven kulturskule*.

## RETNINGSLINJER FOR OPPTAK AV ELEVAR VED VANYLVEN KULTURSKULE

Vanylven kulturskule har frå hausten 2023 følgjande rettleiande retningslinjer for å ta vare på lik handsaming ved tildeling av elevplassar. Retningslinjene skal balansere ulike omsyn i opptaksprosessen, og sikre brei rekruttering og rettferdig tilgang til undervisninga.

1. Vanylven kulturskule er ein skule for born og unge i kommunen som ønskjer opplæring i kunst- og kulturfag. Kommunen kan gje tilbod til vaksne frå kommunen eller innbyggjarar frå andre kommunar dersom særlege tilhøve seier det.
2. Opptak av elevar skjer etter innstilling frå kulturskulerektor. Innstillinga prioriterast slik:
  - a. Elevar frå førre skuleår som ikkje har sagt opp plassen sin beheld plassen.
  - b. Elevar som allereie har ein elevplass i kulturskulen stiller bak dei som ikkje har.
  - c. For seint innkomne søknadar blir handsama etter dei som er levert til fristen.
  - d. Søkjarar som har stått på venteliste blir handsama før årets nye søkjarar.
  - e. Søkjarar med tidlegare elevstatus ved musikalsk førskule blir prioriterte ved konkurranse om elevplassar.
  - f. Elevar som flyttar til kommunen og har hatt undervisning i andre kommunar vert prioriterte.
  - g. Korpsinstrument blir prioritert framfor andre instrument, for å sikre tilvekst til korpsa i kommunen.
  - h. Står søkjarane elles likt, skal alder ligge til grunn for vurdering, der eldre elevar får tilbodet framfor yngre.
  - i. Står søkjarane likt etter at alle prioriteringar er gjort, skal det avgjerast ved loddtrekking.
3. Annonsering av elevopptak skal kunngjerast på ein tilfredsstillande måte. Elevpengesatsar og fristar for påmelding skal kome fram i utlysinga. Påmelding og avmelding skjer via kulturskulen sitt administrasjonsverktøy, SpeedAdmin.
4. Påmeldinga er bindande, og må seiast opp før 15. desember (vårhalvåret) og søknadsfristen (hausthalvåret).
5. Eleven sine plikter er skildra i *Reglement for elevar ved Vanylven kulturskule*.
6. Frå haustsemesteret 2023 er Vanylven kulturskule gratis for barn og unge i ei toårig prøveordning. Læremateriell vil, som tidlegare, bli kjøpt inn av kulturskulen og fakturert til dei elevane det gjeld. Skulle prøveordninga med gratis kulturskule bli avslutta/ikkje vidareført, vil elevpengar krevjast inn semestervis etter same modell som før prøveordninga, med same prisnivå korrigert for prisvekst.

## REGLEMENT FOR ELEVAR VED VANYLVEN KULTURSKULE

Kulturskulen i Vanylven gjev undervisning ved hjelp av offentlege midlar. Dette medfører eit ansvar for eleven om korleis undervisninga han/ho får vert nytta. Dette ansvaret blir ytterlegare skjerpa etter at kommunen innfører gratis elevplassar til barn og unge frå haustsemesteret 2023, og er tufta på ønsket kulturskulen har om at eleven skal oppleve meistring og trivsel i kulturskulen, og lukkast med kunstfaget hen har meldt seg på.

1. Eleven pliktar å rette seg etter dei ordensreglar som til ei kvar tid gjeld for undervisning i kulturskulen og for dei lokala der undervisninga finn stad.
2. Eleven har plikt til å møte budd og presis til timen. Dette krev regelmessig øving heime.
3. Fråvær frå undervisning skal meldast i så god tid som råd til faglærer. Eleven får ikkje forsømde timar tilbake.
4. Føresette kan, etter avtale med lærar, vere til stades i undervisninga.
5. Lærar kan, etter samråd med rektor, av disiplinære årsaker, vise elevar vekk frå undervisninga i inntil ein dag.
6. Ved stadig fråvær utan grunn, manglande interesse eller av disiplinære grunnar, kan eleven bli bede om å slutte. Avgjerd om dette skal takast av kulturskulerektor i samråd med faglærer. Plassen vil då kunne gjevast til ein annan søkjar.
7. Elevane i kulturskulen har krav på å få utlevert rimeleg gode instrument i dei disiplinane der instrument er til utleige. I disiplinær der kulturskulen ikkje har utleigeinstrument, *skal* eleven ha tilgang til øvingsinstrument.
8. Dersom instrument som kulturskulen eig vert påført skade, skal dette straks meldast til rektor. Dersom skaden skuldast hærverk/dårleg handsaming, må eleven sjølv betale for reparasjon/erstatning.